



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Kommunal- og moderniseringsministeren

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/5061-2

21. oktober 2019

Spørsmål nr. 84 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Helge André Njåstad til kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland

Spørsmål

Kan statsråden beregne sammenslåtte kommunar sin økonomi om dei ikkje var sammenslått utifrå inntektssystemet og sette det opp i ein tabell som synleggjer differansen?

Grunngjeving

BT sin leiar etterlater inntrykket at sammenslåtte kommunar likevel ikkje kjem økonomisk betre ut enn om dei ikkje hadde blitt samanslått:

<https://www.bt.no/btmeneringer/leder/i/g7KRzL/no-maa-regjeringa-staa-ved-loeftet-sitt>

Både Bjørnafjorden, Sunnfjord og Øygarden vert tatt fram som døme. Stortinget sine vedtak om inntektssystemet og økonomiske ordningar for sammenslåtte kommunar er ikkje endra så det må vera andre årsaker til økonomien for disse kommunane, med mindre det er nabo og sone kriteriet som har så store utslag eller at sammenslåtte kommunar ikkje oppnår veksttilskottet fordi deler av kommunen ikkje har same vekst. Dette må vera mulig å beregne slik at inntrykket BT skaper ikkje får feste seg som en sannhet.

Svar

I kommunereforma vart det innført fleire gode og føreseielege økonomiske ordningar for kommunar som slår seg saman. For å leggje til rette for ein god overgang til ein ny kommune, har kommunane motteke fleire av desse ordningane allereie før samanslåinga trer i kraft i 2020. Dette gjer at veksten i inntektene til desse kommunane blir lågare enn den elles ville vore frå 2019 til 2020, men har også gjort at kommunane har hatt eit høgare nivå

på inntektene i disse åra enn dei elles ville hatt. Kommunane har altså motteke mykje av gevinsten ved å slå seg saman på førehand.

Sidan 2017 er det utbetalt om lag 1,34 mrd. kroner gjennom desse ordningane (regionsentertilskottet og overgangsordninga for kommunar som slår seg saman). Dette er midlar som har kome i tillegg til dei ordinære tilskota til alle kommunar, og er pengar kommunane ikkje ville motteke utan at dei skulle slå seg saman. Det stemmer derfor ikkje at kommunane tapar på samanslåinga, slik ein får inntrykk av i leiaren i Bergens Tidende. Det er likevel slik at gevinsten ved ei samanslåing blir mindre synleg frå 2019 til 2020 enn den elles ville vore, sidan kommunane allereie frå 2017 har motteke ein del av dei ekstra tilskota som følgjer av samanslåinga.

Tabell 1 viser kva den enkelte nye kommune har fått utbetalt i regionsentertilskott og overgangsordninga for kommunar som slår seg saman i perioden 2017-2019. Regionsentertilskottet blir vidareført til den nye kommunen i 2020, medan overgangsordninga blir avvikla når den nye kommunen får inndelingstilskott frå 2020.

Tabell 1: Regionsentertilskott og overgangsordning til kommunar som slår seg saman. 2017-2019. Millionar kroner.

| | <u>Regionsentertilskott</u> | | | <u>Overgangsordning</u> | | |
|---------------------|-----------------------------|--------------------|--------------------|-------------------------|--------------------|--------------------|
| | 2017 (mill. kr) | 2018 (mill. kr) | 2019 (mill. kr) | 2017 (mill. kr) | 2018 (mill. kr) | 2019 (mill. kr) |
| 1103 Stavanger | 0 | 0 | 0 | 6,2 | 9,2 | 9,4 |
| 1108 Sandnes | 4,1 | 8,2 | 8,3 | 6,3 | 6 | 6,2 |
| 1506 Molde | 2,6 | 5,3 | 5,3 | 5 | 5,6 | 5,7 |
| 1507 Ålesund | 3,7 | 7,4 | 7,4 | 7,7 | 10,2 | 10,5 |
| 1577 Volda | 1,9 | 3,8 | 3,8 | 0,7 | 4,1 | 4,2 |
| 1578 Fjord | 2,5 | 4,9 | 4,9 | - | - | - |
| 1579 Hustadvika | 1,9 | 3,8 | 3,8 | - | - | - |
| 1806 Narvik | 2,3 | 4,6 | 4,6 | 2,1 | 4,4 | 4,6 |
| 1875 Hamarøy | 2 | 3,9 | 3,9 | 5,2 | 5,1 | 5,2 |
| 3002 Moss | 3,2 | 6,3 | 6,4 | 9,8 | 10,6 | 10,9 |
| 3005 Drammen | 4,9 | 9,7 | 9,8 | 11,4 | 13,9 | 14,3 |
| 3014 Indre Østfold | 3 | 6,1 | 6,1 | 23,3 | 23 | 23,6 |
| 3020 Nordre Follo | 3,5 | 7 | 7 | 10,8 | 10,7 | 11 |
| 3025 Asker | 4,6 | 9,2 | 9,3 | 14,5 | 14,4 | 14,8 |
| 3026 Aurskog-Høland | 2,1 | 4,3 | 4,3 | 1,8 | 4 | 4,1 |
| 3030 Lillestrøm | 4,3 | 8,6 | 8,7 | 15,2 | 15 | 15,4 |
| 3802 Holmestrand | 2 | 4 | 4 | 0,9 | 4,5 | 4,7 |
| 3803 Tønsberg | 3,3 | 6,8 | 6,8 | 8,9 | 9,5 | 9,8 |
| 3804 Sandefjord | 3,7 | 7,3 | 7,3 | - | - | - |
| 3805 Larvik | 3,1 | 6,2 | 6,2 | - | - | - |
| 3817 Midt-Telemark | 1,9 | 3,9 | 3,9 | 3,2 | 6,5 | 6,7 |
| 4204 Kristiansand | - | - | - | 14,5 | 14,3 | 14,7 |

| | <u>Regionsentilskot</u> | | | <u>Overgangsordning</u> | | |
|--------------------|-------------------------|--------------------|--------------------|-------------------------|--------------------|--------------------|
| | 2017 (mill. kr) | 2018 (mill. kr) | 2019 (mill. kr) | 2017 (mill. kr) | 2018 (mill. kr) | 2019 (mill. kr) |
| 4205 Lindesnes | 2,3 | 4,7 | 4,7 | 5,5 | 7,5 | 7,7 |
| 4225 Lyngdal | 1,9 | 3,8 | 3,8 | 4,3 | 4,7 | 4,9 |
| 4602 Kinn | 2,2 | 4,3 | 4,3 | 7,6 | 7,7 | 8 |
| 4618 Ullensvang | 2 | 3,9 | 3,9 | 0,5 | 3,2 | 3,3 |
| 4621 Voss | 2,1 | 4,2 | 4,2 | 4,5 | 4,2 | 4,4 |
| 4624 Bjørnafjorden | 2,4 | 4,7 | 4,8 | 5 | 4,7 | 4,9 |
| 4626 Øygarden | 2,8 | 5,6 | 5,6 | 10,3 | 11,4 | 11,7 |
| 4631 Alver | 2,5 | 5,1 | 5,1 | 3,9 | 10,5 | 10,8 |
| 4640 Sogndal | 2 | 3,9 | 3,9 | 7 | 8,4 | 8,6 |
| 4647 Sunnfjord | 2,3 | 4,6 | 4,6 | 13,1 | 14,5 | 14,9 |
| 4649 Stad | 1,9 | 3,7 | 3,7 | 3,1 | 3,3 | 3,4 |
| 5001 Trondheim | - | - | - | 9 | 9,7 | 10 |
| 5006 Steinkjer | 2,4 | 4,8 | 4,8 | 4,5 | 5 | 5,1 |
| 5007 Namsos | 2,1 | 4,2 | 4,2 | 2,4 | 4,5 | 4,7 |
| 5055 Heim | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0 | 0 | 0 |
| 5056 Hitra | 2,4 | 4,7 | 4,7 | 3 | 4,5 | 4,6 |
| 5057 Ørland | 1,9 | 3,8 | 3,8 | 6,3 | 6,2 | 6,3 |
| 5059 Orkland | 2,2 | 4,3 | 4,3 | 4,9 | 6,3 | 6,5 |
| 5060 Nærøysund | 1,6 | 3,2 | 3,8 | 3,3 | 3 | 3,1 |
| 5406 Hammerfest | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 1,1 | 1,4 | 1,5 |
| 5421 Senja | 2,1 | 4,2 | 4,1 | 0,8 | 2,7 | 2,8 |
| Landet | 100 | 200 | 200 | 248 | 295 | 303 |

Departementet har ikkje rekna på fordelinga av rammetilskotet til kommunane i 2020, viss kommunar som no slår seg saman hadde fortsatt som eigne kommunar i 2020. Dei frie inntektene, skatteinntekter og rammetilskot, følgjer i stor grad innbyggjarane, og blir i mindre grad påverka av samanslåingar. Men det fins enkelte element i inntektssystemet som ikkje er heilt strukturnøytrale, og departementet har rekna på korleis samanslåingar påverkar desse elementa. Dette gjeld i hovudsak busetnadskriteria og basiskriteriet i utgiftsutjamninga, og veksttilskotet til kommunar med særleg høg vekst i folketalet.

I eit anmodningsvedtak frå 2018 bad Stortinget regjeringa om å sørge for at kommunar som slår seg saman, og som fekk ein reduksjon i inntekter på grunn av ein reduksjon i busetnadskriteria eller andre utilsikta verknader av samanslåinga i inntektssystemet, blir kompensert for dette. I kommuneproposisjonen for 2020 la regjeringa fram korleis dette vedtaket blir følgd opp.

Kommunar som slår seg saman, får ein reduksjon i utgiftsutjamninga på grunn av at kommunens verdi på basiskriteriet blir redusert. Dette får kommunen kompensert fullt ut gjennom inndelingstilskotet. For kommunar som slår seg saman i 2020, er inndelingstilskotet rekna ut på gjeldande inntektssystem i 2016, og kommunane blir meir enn kompensert for reduksjonen i basistilskotet frå 2019 til 2020 på grunn av samanslåinga.

Busetnadskriteria er heller ikkje nøytrale med tanke på samanslåingar. For å dempe konsekvensane av endringar i desse kriteria, vil departementet nytte eit gjennomsnitt av kriterieverdiane for den nye og dei tidlegare kommunane dei første tre åra etter samanslåinga. For kommunar som isolert sett får ein reduksjon i utgiftsutjamninga som følgje av samanslåinga, vil ein kompensasjon bli vurdert i det enkelte tilfelle. Regjeringa har gitt fylkesmannen i oppdrag å vurdere behovet for skjønstilskot til kommunar som slår seg saman i 2020.

Tabell 2 viser den isolerte effekten av samanslåingar på busetnadskriteria og basiskriteriet i utgiftsutjamninga i 2020. Reduksjonen som skuldast basiskriteriet, blir kompensert gjennom inndelingstilskotet, og dette tilskotet er vist i kolonne 4. Inndelingstilskotet skal og kompensere for netto nedgang i distriktstilskot som følgje av samanslåinga, dette er ikkje vist i tabellen.

Tabell 2: Isolert effekt utgiftsutjamning 2020, og inndelingstilskot 2020.

| Kommune | Isolert effekt sone- kriteriet (1000 kr) | Isolert effekt nabo- kriteriet (1000 kr) | Isolert effekt basis- kriteriet (1000 kr) | Inndelings- tilskot 2020 (1000 kr) |
|---------------------|---|---|--|---|
| 1103 Stavanger | -306 | 0 | -21 594 | 35 528 |
| 1108 Sandnes | -263 | -5 | -11 120 | 14 713 |
| 1506 Molde | -140 | -1 | -24 926 | 41 631 |
| 1507 Ålesund | 4 233 | -1 | -42 350 | 71 056 |
| 1577 Volda | 1 732 | -297 | -10 984 | 20 815 |
| 1578 Fjord | 1 805 | 0 | -10 810 | 20 815 |
| 1579 Hustadvika | -102 | -1 | -8 545 | 14 713 |
| 1806 Narvik | -177 | 132 | -11 697 | 30 672 |
| 1875 Hamarøy | -71 | 691 | 2 575 | 10 959 |
| 3002 Moss | -96 | 0 | -6 575 | 14 713 |
| 3005 Drammen | -373 | 1 | -15 147 | 29 426 |
| 3014 Indre Østfold | 602 | -1 | -32 981 | 58 851 |
| 3020 Nordre Follo | -117 | -1 | -6 493 | 14 713 |
| 3025 Asker | -193 | 0 | -15 730 | 29 426 |
| 3026 Aurskog-Høland | 864 | 22 | -12 429 | 20 815 |
| 3030 Lillestrøm | -210 | -2 | -15 289 | 29 426 |
| 3802 Holmestrand | -71 | 0 | -6 990 | 35 528 |
| 3803 Tønsberg | -112 | -17 | -7 356 | 16 653 |
| 3817 Midt-Telemark | -46 | 0 | -7 621 | 18 709 |
| 4204 Kristiansand | -50 | 28 | -15 808 | 29 426 |
| 4205 Lindesnes | 249 | -78 | -19 479 | 36 950 |
| 4225 Lyngdal | 2 264 | -491 | -10 266 | 20 815 |
| 4602 Kinn | -145 | 0 | -7 573 | 16 397 |
| 4618 Ullensvang | 164 | -50 | -24 622 | 38 566 |
| 4621 Voss | 628 | -1 | -10 857 | 17 647 |
| 4624 Bjørnafjorden | -138 | 0 | -10 545 | 14 713 |
| 4626 Øygarden | -191 | -1 | -17 605 | 29 426 |
| 4631 Alver | -163 | -1 | -17 144 | 29 426 |
| 4640 Sogndal | 2 167 | 152 | -22 989 | 41 631 |

| Kommune | Isolert effekt sone- kriteriet (1000 kr) | Isolert effekt nabo- kriteriet (1000 kr) | Isolert effekt basis- kriteriet (1000 kr) | Inndelings- tilskot 2020 (1000 kr) |
|-----------------|---|---|--|---|
| 4647 Sunnfjord | -158 | 0 | -32 560 | 62 446 |
| 4649 Stad | -2 420 | -38 | -10 650 | 16 378 |
| 5001 Trondheim | -525 | 9 | -7 461 | 14 713 |
| 5006 Steinkjer | -144 | -1 | -10 138 | 15 201 |
| 5007 Namsos | 755 | 0 | -25 562 | 41 631 |
| 5055 Heim | 3 265 | -24 | -11 321 | 24 823 |
| 5056 Hitra | -81 | 0 | 2 369 | 6 062 |
| 5057 Ørland | -65 | 0 | -8 206 | 18 600 |
| 5058 Åfjord | 1 738 | 0 | -12 039 | 20 061 |
| 5059 Orkland | -963 | 33 | -21 042 | 48 185 |
| 5060 Nærøysund | -587 | 13 | -9 186 | 14 713 |
| 5406 Hammerfest | 1 222 | 3 | -12 143 | 27 929 |
| 5412 Tjeldsund | 350 | 0 | -11 693 | 24 706 |
| 5421 Senja | 3 558 | 0 | -39 977 | 62 446 |
| Sum | 17 689 | 71 | -632 556 | 1 202 050 |

I kommuneproposisjonen for 2020 blei det også lagt opp til ei kompensasjonsordning for kommunar som isolert sett får ein reduksjon i veksttilskotet som følgje av samanslåinga. I 2020 blir kommunane kompensert med 80 av reduksjonen i veksttilskot som følgjer av samanslåinga. Tabell 3 viser den isolerte effekten av samanslåinga på veksttilskotet i 2020, og fordelinga av kompensasjonen i 2020 og 2021.

Tabell 3: Kompensasjon for reduksjon i veksttilskot på grunn av kommunesamanslåing.

| Kommune | Isolert effekt veksttilskot 2020 (1000 kr) | Kompensasjon 2020 (1000 kr) | Kompensasjon 2021 (1000 kr) |
|--------------------|---|-----------------------------------|-----------------------------------|
| 3002 Moss | -587 | 470 | 235 |
| 3014 Indre Østfold | -1 906 | 1 525 | 762 |
| 3025 Asker | -4 695 | 3 756 | 1 878 |
| 3030 Lillestrøm | -489 | 391 | 196 |
| 3802 Holmestrand | -2 614 | 2 091 | 1 046 |
| 3817 Midt-Telemark | -4 893 | 3 914 | 1 957 |
| 4204 Kristiansand | -1 672 | 1 338 | 669 |
| 4624 Bjørnafjorden | -3 721 | 2 977 | 1 488 |
| 4626 Øygarden | -4 880 | 3 904 | 1 952 |
| 4631 Alver | -869 | 695 | 348 |
| 4640 Sogndal | -372 | 298 | 149 |
| 5001 Trondheim | -5 135 | 4 108 | 2 054 |
| 5060 Nærøysund | -85 | 68 | 34 |
| Sum | -31 918 | 25 535 | 12 768 |

I tillegg til elementa som er omtala over, kan det for enkelte kommunar vere andre forhold som gir seg utslag, og ein kompensasjon for dette må vurderast i det enkelte tilfelle.

Det er mange ulike forhold som påverkar anslaget på vekst i frie inntekter frå 2019 til 2020 for enkeltkommunar. I hovudsak er det andre forhold enn sjølve samanslåinga, slik som utviklinga i folketalet og endringar i befolkningssamansetninga som gjer at veksten for nokre kommunar som slår seg saman er lågare enn gjennomsnittet.

I spørsmålet viser representanten til kommunane Bjørnafjorden, Sunnfjord og Øygarden. Både Øygarden og Sunnfjord er anslege å ha ein vekst om lag på landsgjennomsnittet frå 2019 til 2020. Begge kommunane har fått årlege tilskot gjennom regionsentertilskotet og overgangsordninga for kommunar som slår seg saman sidan 2017. Øygarden kommune vil i tillegg få kompensasjon for reduksjon i veksttilskotet som følgje av samanslåinga, denne inngår ikkje i vekstanslaget.

For Bjørnafjorden kommune er anslaget på vekst i frie inntekter om lag 0 % frå 2019 til 2020. Dette har samband med fleire forhold, blant anna er veksten i folketalet i Os kommune kraftig redusert dei siste åra, slik at kommunen ville fått ein betydeleg reduksjon i veksttilskotet sjølv om kommunen hadde fortsett som eigen kommune. Kommunen får òg ein reduksjon i veksttilskotet på grunn av samanslåinga, og dette vil bli kompensert med om lag 3 mill. kroner i 2020. Os kommune har deltatt i forsøket med statleg finansiering av eldreomsorga, og frå 2020 skal også nye Bjørnafjorden kommune delta. Dette påverkar dei frie inntektene til kommunen, men kommunen vil bli tilført inntekter til forsøket gjennom eit øyremerka tilskot gjennom året 2020.

For enkelte kommunar er det slik at samanslåinga kan påverke beløpet kommunen får ekstra gjennom inntektsutjamninga i inntektssystemet, fordi kommunen har særleg låge skatteinntekter. Men korleis dette vil sjå ut framover, er det for tidleg å seie noko om nå, sidan det vil avhenge av skatteinngangen i 2020. Denne vil ikkje vere klar før tidleg i 2021.

Kommunar som slår seg saman, taper ikkje økonomisk på det. Kommunane som slo seg saman i kommunereforma, har motteke ekstra tilskot sidan 2017 på grunn av samanslåinga, slik at noko av den økonomiske gevinsten allereie er teke ut. Dei nye kommunane vil og få utbetalt reformstøtte på til saman om lag 820 mill. kroner i 2020. Dette er midlar som kjem i tillegg til det som no er lagt fram i statsbudsjettet, og som vil bidra til at den nye kommunen vil kunne levere gode tenester til sine innbyggjarar.

Med helsing



Monica Mæland